

NVE
nve@nve.no

Leikanger 29.03.2016

Registreringsnummer

7278

Saksnummer

201301851

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag til søknad om konsesjon til bygging av Kvitefella II kraftverk i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.437. Kraftverket ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt virkeområde sjå <https://mnt.dnt.no/>.

Om friluftsliv i området:

Området vert nytta til friluftsliv, mest som turområde for lokale folk. Det er rutene Rauset – Sandsetstøylen og Rauset – Rausetstøylen som er mest nytta. Desse ligg mest over inntakspunkta, men om ein går opp frå Sande eller Ramnestad vil ein krysse og tangere elvane fleire gonger. Elva ligg litt nedskore i terrenget, noko som gjer elva mindre synleg for dei som ferdast i området, men rutene og vegene tangerer og kryssar elvene nokre stader slik at dei kan opplevast derifrå. Då tek ein utgangspunkt i at alle som ferdast i området følgjer vegen og ikkje går utanom i terrenget. For fleirtalet av brukarar er dette truleg rett, men å karakterisere opplevingsverdien av ei elv kun sett frå veg og stolsrás knytt til friluftsliv er generelt sett litt snevert.

Omfang av nye inngrep vert såleis ikkje store, med akseptable ulempar for allmenne interesser og friluftsliv utover lita vassføring i elvene og redusert opplevingskvalitet knytt til dette.

Om naturverdiar i området:

Hønsehauk NT er ein art som er var for uroing og må takast omsyn til, særskilt i hekketida. Fossekall som hekker i elva treng predatorsikre rugekassar ved mindre vassføring, noko som er føreslege som avbøtande tiltak. Dette er bra, men skal dette ha meinung treng fuglen og livsvilkår med tilgang til føde året igjennom. Minstevassføringa må då sikre produksjon av botndyr og frostsikre kulpar for føde til fossekallen gjennom vinteren.

Bekkekløft og bergvegg har allereie redusert vassføring, det er usikkert i kva grad minstevassføringa vil sikre fuktrevande vegetasjon.

Søknaden:

Kvitefella II vil utnytte fallet i Kvitefella ved å bygge ytterlegare ein kraftstasjon nær eksisterande utbygging. Inngrepa med ein røyrgate på 1200 meter ligg hovudsakleg i skoglandskap og kraftstasjon vert plassert nær eksisterande kraftstasjon Kvitefella I og vil nyte allereie eksisterande



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

E-post: sogturla@online.no

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Heimeside:

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

inntaksdam. I søknaden står at røyrgaten må hoggast fri for skog, men skal sidan revegeterast. Etter det vi kjenner til er det ikkje vanleg å la skog vekse opp i sjølve røyrgata, og røyrgata vil da verte ein open gate i skogen for framtida. I søknaden står det at den vil revegeterast og vert lik 0 meter i framtida. Stemmer dette? Ein må her elles skilje mellom feltsjikt og tresjikt. Men om det stemmer vil det vere ein føremon og også om det kan stillast krav om dette i eventuell konsesjon.

Kraftverket er planlagt med normal slukeevne rundt 200 % og minstevassføring som allminneleg lågvassføring. Av omsyn til bekkekløften (verdi C) , strandsnipe og fossekall bør minstevassføringa vere på minimum 5-persentilen sommar og vinter.

Utbyggingsprisen på 5,36 kr/kWh er vel høg.

Konklusjon:

Dette er ein utbygging med færre nye inngrep og som vil nytte eksisterande inntaksdam og plassere kraftstasjon ved eksisterande Kvitefella I på motsett side av elva. Nye inngrep og fråfall av vatn skjer i eit område med jordbrukslandskap og veg. Ulempene her vil vere mindre enn ved ein utbygging i ein ny fri elv med rikare natur. Vi har såleis ikkje store innvendingar mot utbygginga, men meiner minstevassføringa bør vere noko høgre og minst lik 5-persentilen sommar og vinter for å ivareta naturverdiane i lokaliteten bekkekløft og for fossekall og strandsnipe samt sikre noko av opplevinga av vassføring i elvene.

NVE
nve@nve.no

Leikanger 30.03.2016

Registreringsnummer

7276

Saksnummer

201302966

Høyringsfråsegn frå Sogn og Fjordane Turlag til søknad om konsesjon til bygging av Rauset kraftverk i Floppen kommune, Sogn og Fjordane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Siste medlemstal: 6.437. Kraftverket ligg i Midtre Nordfjord Turlag sitt virkeområde sjå <https://mnt.dnt.no/>.

Om friluftsliv i området:



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

E-post: sogturla@online.no

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

Heimeside:

Området vert mykje nytta til friluftsliv, mest som turområde for lokale folk. Det er rutene Rauset – Sandsetstøylen og Rausetstøylen som er mest nytta. Elva ligg litt skjerma i terrenget grunna vegetasjon, noko som gjer elva mindre synleg for dei som ferdast etter stiar og vegane, men rutene og vegane tangerer og kryssar elvene nokre stader slik at dei vil opplevast nært nokre stader. Då tek ein utgangspunkt i at alle som ferdast i området følgjer vegane og ikkje går utanom i terrenget. For fleirtalet av brukarar er dette truleg rett, men å karakterisere opplevingsverdien av ei elv kun sett frå veg og stølsrås knytt til friluftsliv er generelt sett litt snevert. Områda vert også nytta til bærplukking og då går folk fritt i skogsterrenget.

Kvitfella med dei flotte fossehyllene er godt synleg frå store delar av områda rundt Gloppefjorden og særleg frå den andre sida av fjorden, der folk set stor pris på synet av elva og fossehyllene. Kvitefella er såleis eit viktig landskapselement som er vesentleg for landskapsverdiane knytt til Gloppefjorden.

Inntaket bør leggast slik at det ikkje vert synleg frå Rausetstøylen og vegen inn/opp til inntak bør revegeterast med jord og stadeigen vegetasjon.

Om naturverdiar i området:

Vi viser her til fråsega til Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane og støttar denne fullt ut.

Søknaden:

Rauset kraftverk søker om å utnytte fallet i Kvitefella ovanfor inntaket til det eksisterande Kvitefella kraftverk, samt å overføre Daudfosselva til det same fallet. Inntaket skal ligge på 500 m.o.h. Og utslepp av vatnet på kote 235. Kvitefella har ei middelvassføring på 531 l/s, medan Daudfosselva har 110 l/s, til saman 641 l/s. Det er søkt om ei slukeevne på 1600 l/s, vel over 250 prosent av middelvassføringa, ein svært høg utnyttingsgrad. Planlagt minstevassføring vert og særslitengt på 27 l/s i Kvitefella og 6 l/s i Daudfosselva heile året. Den bør minimum vere lik 5-persentilen for både sommar- og vinterhalvåret. Om dette vert nok til å oppretthalde inntrykket av fossande, rennande vatn i fossehyllene, og til å halde fuktrevjande vegetasjon i dei fire bekkekloftene med fossesprøytsone (verdi B), vert ikkje vist med fotomontasje eller anna dokumentasjon. Utbyggingsprisen er sett til 3,96 kr/kWh for å gje omlag 10 Gwh og er noko høg.

Lokalt folkestyre: Gloppe kommunestyre har med relativt klårt fleirtal, 18 – 13, gått mot at det vert gitt konsesjon. Mindretallet på 13 gjekk også mot konsesjon slik det var omsøkt, men der var det eit tillegg i vedtaksframlegget om at dei ville ha utgreidd eit utbyggingsalternativ med inntak nedanfor Fossehyllene. I realiteten var det altså samråystes motstand mot den konsesjonssøkte utbygginga. Viser til vedlegg: 20160222 Gloppe kommunestyre-Møtebok Rauset. Vi støtter vedtaket til Gloppe kommunestyre.

Sumverknader/samla belastning:

Samla belastning for denne utbygginga kan vurderast på fleire nivå:

1. Samla belastning i Gloppe kommune: Det er alt bygd og gitt konsesjon til eit stort tal utbyggingar

i Gloppe kommune. (NVE har oversikten, så vi spesifiserer ikkje det.) Vidare er det no under konsesjonshandsaming i NVE 12 nye småkraftverk, fleire av dei konfliktfylte, og 2 store og svært konfliktfylte kraftverk: Breim kraftverk og Gjengedal kraftverk. For å redusere den samla negative belastninga av alle utbyggingane, bør begge dei store (for Breim gjeld det spesielt det primært omsøkte utbyggingsalternativet) og nokre av dei små utbyggingane



Postadresse: Pb. 10, 6801 Førde

E-post: sogturla@online.no

www.turistforeningen.no/sognogfjordane

Organisasjonsnr. 971 529 474

Besøksadresse: Langebruvegen 9, Førde

Heimeside:

Banksamband: Sparebanken Sogn og Fjordane konto 3705 03 32455

Tlf. 57 72 06 14

få avslag.

2. Samla belastning på «inngangsportane» til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområdet: Det er alt bygd og gitt konsesjon til ei rekkje kraftverk i «inngangsportane» til verneområdet, og det er under konsesjonshandsaming fleire småkraftverk og eitt stort (Gjengedal kraftverk) i desse «inngangsportane». Det er klårt av den samla belastninga er i ferd med å bli for stor, og at dette er med på å redusere verdien av verneområdet. Både det store Gjengedal kraftverk og nokre av dei små, bør få avslag.

3. Samla belastning på Sørstrandaområdet ved Gloppefjorden: I eit avgrensa område er det no i drift eitt kraftverk, eitt er under bygging, og 5 nye (inkl. dette) er under konsesjonshandsaming. Til saman er 7 kraftverk, 3 av dei i eit verna vassdrag, omsøkt, i eit så lite område mykje!

Dette er for mykje, og 2 – 3 av dei mest konfliktfylte kraftverka bør få avslag.

4. Samla belastning på Kvitefella og Daudfosselva. Her er allereie ei utbygging og det er søkt om ytterlegare to nye kraftverk. Det vil gje ekstra stor belastning på lengre strekk av to elvar og vi meiner at ei ny kraftutbygging er nok. 3 kraftverk i ei elv med sideelv er for mykje!

Konklusjon:

Rauset kraftverk vil forsterke graden av utnytting av dei to vassdraga Kvitefella og Daudfosselva over ein lengre strekning, med viktige naturverdiar og sterkt redusere viktige landskapsverdiar grunna den særsla høge utnyttinga. Oppgradering av eksisterande traktor-/turvegar, nye inngrep og sterkt redusert vassføring vil gjere samla belastning på vassdraga langt større enn ved berre ei ny utbygging i Kvitefella II. Av omsyn til landskap, friluftsliv og samla påverknad for naturverdiar knytt til vassdraga meiner vi denne utbygginga er av de meir konfliktfylte og går såleis sterkt imot at det vert gjeve konsesjon.

Sakshandsamar hos oss er Elisabeth Dahle, Forum for natur og friluftsliv, elisabeth@fnf-nett.no, mob. 480 20 532

Med helsing

SOGN OG FJORDANE TURLAG

Sogn og Fjordane Turlag



v/ Ron Overdevest

[Leiar Naturvernutelet](#)

